



Gol kommune

Arkivsak-dok. 18/01578-5
Saksbehandler Hege Mørk

Saksgang
Kommunestyret

HØYRING - SELSKAPSSTRATEGI FOR KOMMUNEREVISJON IKS

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

1. Utkast til selskapsstrategi frå styret i Kommunerevisjonen IKS datert 2. mai 2018
2. Innspel / råd frå KS Hedmark og Oppland
3. Brev frå styreleiar med tilleggsopplysningar datert 15. mai 2018
4. Forslag til selskapsstrategi - figur

Dokument i saka:

Skriv inn dokument i saka her

Saksopplysningar:

Styret i kommunerevisjon IKS har utarbeida forslag til eigarstrategi for selskapet. Strategien blir sendt på høyring til eigarkommunane, og skal vedtakast av representantskapet hausten 2018. Gol kommune har saman med dei andre eigarkommunane i Hallingdal utarbeida eit eige forslag til eigarstrategi, representert ved figur i vedlegg 3. Forslaget vil og bli oversendt til eigarkommunane i Valdres.

Nokre av eigarkommunene i Valdres har sendt forslaget til KS Hedmark og Oppland, og bedt om ein uttale frå dei. KS Hedmark og Oppland sine innspel / råd ligg som vedlegg til saka.

Forhold til overordna plan:

Skriv inn forhold til overordna plan her

Miljøkonsekvenser:

Skriv inn vurdering her

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Skriv inn vurdering her

Økonomiske konsekvensar:

Skriv inn vurdering her

Vurdering:

Gol kommune ynskjer å vera ein konstruktiv bidragsytar, for å få på plass ein selskapsstrategi for Kommunerevisjon IKS, som kommunane i Hallingdal og Valdres kan samle seg om. Ut frå siste års hendingar bør det vera i alle sin interesse at det er stor semje om selskapsstrategien, og at den er godt forankra i eigarkommunane.

Ein god selskapsstrategi skal tydeleggjera kva selskapet skal oppnå på vegne av eigarane. Etter Gol kommune sitt syn høyrer ikkje interne mål heime i ein selskapsstrategi og er derfor ikkje kommentert nærare.

Innhald og oppbygging av selskapsstrategi må reflektere selskapet sin eigenart og utfordringar. Oppdraget (misjon) må vera kjærna i selskapsstrategien og tydeleggjer «eksistensberettigelse» ut frå eit målgruppe-/interessentperspektiv. Den må eksplisitt tydeleggjera kva behov som skal dekkjast for kven, og kva selskapet sin rolle skal vera i forhold til å dekke dette behovet. Strategiske målområder er kva selskapet faktisk skal bruke ressursar på, og må vedtakast og definerast med utgangspunkt i oppdraget.

Forslag til figur meiner Gol kommune at bør vera essensen for eit lettfatteleg og klart budskap, og så kan ein sjølvstekt legge til noko meir verbalt, for å underbyggje. Når det gjeld innhald er det opna opp i høve til forvaltningsrevisjon, der det bør vurderast om det er føremålstenleg at selskapet utfører all forvaltningsrevisjon med eige mannskap eller at ein også nyttar ekstern bistand. Dette er begrunna ut frå naudsynt kompetanse og effektiv ressursbruk.

Forslag til selskapsstrategi har ei tilnærming og ein språkleg stil som ikkje underbygger eit tillitsfullt samarbeid mellom dei ulike aktørane. Det blir fleire stader trekt fram at selskapet må få mogelegheit til å vera eit aktivt og kritisk tilsynsorgan. Med revisjonen si rolle som bidragsyter til auka verdiskaping bør rådgjevarrolla i større grad trekkjast fram, noko som er fråverande i forslaget. I staden har «kritisk» for enkelte vore eit mantra, noko er upresist og eit unødvendig negativt lada ord, som verkar unødvendig og lite tillitsbyggjande.

Rådmannen si innstilling:

Eigarstrategi for kommunerevisjon skal drøftast politisk, og saka blir difor lagt fram utan innstilling.

Gol, 22.08.2018, Hege Mørk, rådmann Gol